

# 1. MAI-LØPET 2013

Smil og glede trass regn og kulde

**Det var ein spent delegasjon frå Sandsøy IL som sette kursen for Åheim og 1. mai-løpet. Vi hadde med deltakarar i fleire klasser. Det skulle syne seg at både jentene og gutane klarte seg glimrande i løypa, og alle gjorde sitt aller beste.**

I tillegg sette trenarane Elias og Kenneth standarden innleiingsvis. Dei deltok nemleg i ungdomsklassene, der dei gjorde ein fin figur og hamna mellom dei fremste.

Elles var det – som vanleg på 1. mai-løp – eit viktig sosialt aspekt opp i det heile. Ein fekk møte andre idrettsglade born, og etterpå vanka det premie på alle. Ein kjekk dag på Åheim der vi fekk prov på at dei mange timane saman med Kristin, Elias, Kenneth og dei andre i gymsalen i vinter, verkeleg har hjelpt!



Troppen frå Sandsøy IL som reiste på løp 1. mai. Olivinhallen i bakgrunnen der det var godt å trekkje under tak. 3-4 plussgrader og vind var det ute!



Her er det innspurt i seniorklassen, der Kristian Nedregård frå Spjelkavik fekk dei nødvendige meterane på Egil Instebø frå Gloppen.



Så sliten vart Kristian Nedregård etter å ha vunne løpet på Åheim for tiande gong på rad.



Merete Helgheim frå Gloppen vann 1. mai-løpet for sjuande gong. Slå den!